

## **REFERAT FRÅ MØTET I INNBYGGJARPANELET 19.02.19**

Møtt: Sigbjørn Aarland – Fitjar idrettsråd  
Ellinor Bergesen – Fitjar frivilligsentral  
Rasmus Fitjar – Kråko Utvikling AS  
Kjell Korsvik – Øvrebygda vel  
Kristian Skumnes - Osterneset  
Kari Flugstad Giske – Råd for funksjonshemma/Eldrerådet  
Linn Solveig Sørvik – Dårfjord næringsforum  
Jo Kjetil Strand – Fitjar næringsråd  
Svein Nøttveit – Sjøtroll Lerøy Kjerelva  
Ronald Hareide – Fitjar Fjordhotell  
Oda Volden de Fine – Fitjar ungdomsråd  
Mathilde Kloster – Fitjar ungdomsråd

Ikkje møtt:

Morten Thorland – Fitjar bondelag  
Arne Vestvik Pedersen – Stranda vel

Frå arbeidsgruppa:

Olaug Haugen, rådmann  
Geir Røssland, leiar, Stord Fitjar landbruk- og miljøkontor  
Kari Rydland, saksbehandlar, Stord Fitjar landbruk- og miljøkontor  
Øystein Sørli, leiar, Avdeling for plan og utvikling

Rådmann Olaug Haugen innleia møtet med å informera om kva planprogrammet er og består av og korleis arbeidet skal foregå framover.

Innbyggjarpanelet samlast ein gong i kvartalet så lenge arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel foregår. Innbyggjarpanelet skal i saman identifisera utfordringane framover for Fitjarsamfunnet. Kva som er Fitjar sine utfordringar og fortrinn og koma med forslag til hovudtema for kommuneplanen evt. andre hovudtema.

Innbyggjarpanelet blei delt opp i 3 grupper: Næring, grendalag og frivillig sektor/ungdom, utval for råd for funksjonshemma/eldreråd.

### **Referat frå gruppe 1: Næringslivet - Gruppeleiar Ronald Hareide**

(Referent: Geir Røssland)

#### Oppg. 1 Fitjar i berekraftig vekst

Gruppa peika på viktige næringar i Fitjar:

- Skipsindustri
- Landbruk
- Oppdrett/fiskeindustri
- Vindkraft
- Bygg og anlegg
- Servicenæringar

Fitjar kommune må primært satsa på eksisterande næringar, og leggja til rette for at desse kan utvikla seg. Her er det viktig å setja av store nok areal til dei arealkrevjande verksemdene. Sjøtilgang kan vera eit stort fortrinn.

Det er også viktig å arbeida for å få nye næringar til kommunen, til dømes verksemdar som krev høg kompetanse, men ikkje nødvendigvis store areal. Eit breitt samansett næringsliv vil vera viktig for busetnaden i kommunen.

## Oppg. 2 Levande sentrum

- Må utvikla sjøsida, med nye fasadar mot sjø. I dag er dette «baksida».
- Byggja bustader for eldre i eller nær sentrum
- Trekkja fleire servicenæringar til bygda
- Halda fram med å utvikla områda som er avsett til fritidsbustader, det bidreg til aktivitet i sentrum
- «Det nære øyriket» er ikkje tilgjengeleg utan at du har eigen båt. Her må det etablerast tilbod slik at tilreisande og innbyggjarar har høve til å oppleve sjøområda og øyane.

## **Referat frå gruppe 2: Grendalag - Gruppeleiar Linn Solveig Sørvik**

(Referent: Marianne Ytrearne)

Tema: Bulyst og «Smarte kommunale tenester»

Bulyst og «Smarte kommunale tenester» heng i saman, gode tenester gir bulyst.

### Bulyst:

- Det er behov for bedre busskommunikasjon til Fitjar sentrum frå Øvrebygda, Dåfjorden og Osterneset.
- Forslag: Ein bussordning rundt Storavatnet, til Dåfjorden og Osterneset kveldstid. Mange treng skyss heim frå Fitjar på kveldstid (ca kl. 20.00) pga. forskjellige fritidsaktivitetar, både for unge og eldre. I Sauda har dei ein bussordning der ein registerer at ein treng skyss i ein bestemt tid, så set busselskapet opp ei rute tilpassa etter det.
- Bedre kollektivtransport frå/til sentrum til bygdene.
- Etablering av gang- og sykkelstiar frå Øvrebygda til Fitjar sentrum.
- Pga. aukande trafikk og fleire gåande, er det behov for betre vegar i Dåfjorden.
- Vegane må utbetrast.
- Det må presiserast at det blei sagt at ein ikkje er avhenging av vegutbetring for å få fleire byggefelt i Dåfjorden.
- Antall tilgjengelege tomter på ulike stader i kommunen bør ikkje legge hindringar for utbygging andre stader i kommunen.
- Legge til rette byggefelt og enkeltståande tomter, spredt bygging i dei forskjellige bygdene, i «kan-område».

- Spesielt i Osterneset er spredde tomter det mest aktuelle alternativet. I Dåfjorden og i Øvrabygda ynskjer ein kombinasjon av feltutbygging og spredde tomter.
- Arbeidsplassar og næringsutvikling styrker bygdene og gir levande samfunn også på dagtid.  
(Øvrebygda: Sjoareset og ned vidare til Lio).
- Gang- og sykkel til frå Lio til Helland.
- Sterke og gode bygdalag.
- Skule og barnehage. Eit godt oppvektstilbod er heilt avgjerande for vekst og bulyst i bygdene.
- Ein kommune som ser verdien av attraktive bygder.

Dåfjorden: Forprosjektet LivOGLyst Dåfjorden skal gjennom 2019 kartlegga kva tiltak innbyggjarane sjølve ynskjer i bygda.

Bygda har eit stort behov for samlingspunkt og forsamlingslokale. Dåfjord næringsforum jobbar for å legge til rette for nye bustadområder og næringsutvikling.

Andre ting som kan skapa bulyst: Forskjellige arrangement i bygdene. Ski- og akedag. Etablering av badeplasser Seniorkveldar. Festkonsertar. Felles jonsok- og nyttårsfeiringar.

Smarte kommunale tenester:

- Eldretun - små bueningar – forenkler heimetenestene, sosialt for dei eldre, forenkler dagleglivet og eldre kan bu lenger heime i «si» bygd eller i sentrum.

### **Referat frå gruppe 3: Friviljug/ungdom - Gruppeleiar Kari Fjugstad Giske**

(Referent: Kari Rydland)

Tema: a) Mangfald og b) levande sentrum

Generell tilbakemelding til planprogram:

Innspel at det skal vere ei overskrift som har tidslinja i seg generelt og barn/unge spesielt (0-18) og som vert innarbeida i dei nemnde satsingsområda.

Den førespegla eldrebølgja i planperioden er ikkje berre ei utfordring, men også ein ressurs som vi kan utnytte meir?

Visjon – alternative forslag: Fitjar i vinden, Fitjar i medvind

Inntrykket av planprogrammet kan virke litt fjernt for *fitjarbuen som er meir forsiktig*.

Forslag: Smarte tenester → Smarte og kompetente tenester

Planen bør ha eit innbyggjarfokus.

a) Mangfald

Viktige å løfte fram i planen at det er eit mål å leggje til rette for innbyggjarane td funksjonshemma.

Ungdomane ynskjer at det skal vere eit breiare tilbod på fritida til dei som fell utanfor idrett, musikk og kristne aktivitetar. Det handla mykje om nye møteplassar.

Me må som samfunn ta betre vare på eldsjelene, og mangfald kan ikkje berre vere «dei friviljuge». Kva med innvandrarar, rusmisbrukarar?

Det har i seinare tid vore eit problem at fleire ungdomar har takka ja til narkotika som blir tilbode dei. Betre fritidstilbod kan vere førebyggjande i så måte.

Ungdom og psykisk helse er blitt ein større oppgåve for samfunnet, også i vår kommune.

Burde mangfald bli erstatta med «det inkluderande samfunnet»?

Viktig å informere betre kva tilbod (både nye og eksisterande) som barn og unge kan nytte seg av.

b) Levande sentrum

Sentrum manglar kafé og her må næringsliv og kommunen hjelpe kvarandre. Kafé kombinert med noko anna innan sal/service/kultur kan vere ein god ide.

Det er eit ynskje om å ha flest moglege offentlege tenester lokalt. Offentleg transport er ei utfordring i dag og burde bli utbetra.

Det må vere eit overordna mål at me skal ha eit universalt utforma sentrum.

c) Det grønne Fitjar

Forslag: Ete mindre kjøt, betre kjeldesortering i skulen, betre gang- og sykkelsti til skulen, kolonihage i Fitjar.

Barnetråkk bør nemnast i planen.

Fitjar sitt fortrinn: Eit varmt og inkluderande samfunn.